



Rodeholene naturreservat



Forvaltningsplan godkjend mai 2023



**Statsforvaltaren
i Vestland**

Godkjent FVP

Innledning

Rodeholene (VV00003419)

| | |
|-----------------------|-----------------------------|
| Godkjent av | Statsforvaltaren i Vestland |
| Oppstartsdato | 22.03.2022 |
| Planlagt revisjon | |
| Sametingskonsultasjon | |
| Godkjent dato | 26.04.2023 |
| Høringsdato | 15.03.2023 |

| | |
|----------------------------|-----------------------------|
| ephorte saksnummer | 2022/3892 |
| Forvaltningsmyndighet | Statsforvalteren i Vestland |
| Forvaltningsmyndighetstype | Statsforvalter |
| Oppsyn | Statens naturopsyn |
| Fylker | Vestland |
| Kommuner | Sogndal |
| Verneform | naturreservat |
| Verneplan | Skogvern |
| Vernet dato | 22.06.2018 |

Om forvalningsplanen

Forvalningsplanen skal vere eit hjelpemiddel for å oppretthalde verneformålet og for å fremje verneverdiane. Forvalningsplanen er utarbeidd innanfor rammene i gjeldande verneforskrift slik at forvaltinga vert meir føreseieleg. Planen skal også fungere som rettleiar for forvalningsstyremaktene og skildre saksbehandlingsrutinar. Forvalningsplanen er ikkje eit juridisk bindande dokument, men skal avklare handtering av verne- og brukarinteresser.

Forvaltningsmyndighetens oppgave

Statsforvaltaren (fram til 1.1.2021 Fylkesmannen) i Vestland er forvalningsstyremakt i naturreservatet. Søknader om løyve og dispensasjoner for verneforskrifta skal endast høvesvis Statsforvaltaren i Vestland. Forvalningsstyremaktene kan setje i gang oppsyn, overvaking eller tiltak i området. Aktuelle aktørar for utføring av forvaltingstiltak er Statens naturopsyn (SNO) og eventuelle eksterne aktørar som forvalningsstyremaktene har ein avtale med. Statens naturopsyn (SNO) har oppsyn i området.

Tilleggsopplysninger

Heile naturreservatet ligg i Sogndal kommune. Sogndal kommune forvaltar m.a. plan- og bygningslova og lov om motorferdsel i utmark i området. Høgdegradienten i naturreservatet går frå ca. 485 moh til ca. 950 moh.

Områdefakta

| | |
|-----------------|---------|
| Landareal (daa) | 4521 |
| Sjøareal (daa) | Nei |
| IUCN-status | IUCN_Ia |
| Ramsar-status | |
| Emerald-status | |

IUCN

- **Rodeholene naturreservat høyrer til IUCN sin vernekategori 1a la – Strict Nature Reserve:**

"Et land- eller sjøområde med særmerkte eller representative økosystemer eller spesielle geologiske eller fysiske forhold, primært tilgjengelige for forskning eller miljøovervåking."

Natur

Naturtyper beskrivelse

Rodeholene naturreservat ligg på søraustsida av Storehogen (på kartet Storehaugfjellet) som er 1171 m høgt. Rodeholene har ein høgdegradient frå ca. 485 moh til 950 moh.

Dette er eit relativt stort område med gamal, lysopen, fleiraldra og fleirsjikta blandingsskog. Men skogen er noko yngre i det nedste området nærmest Rudsstølen. Furu og bjørk er dominerande treslag og blåbærskog er den mest dominerande vegetasjonstypen. Fukttilhøva varierer frå frisk til fuktig. Nokre småfragment med sesongfuktig kalkfuruskog finst i einskilde lommer. Desse kalkrike områda er med å auka det biologiske mangfaldet i området. Det førekjem læger i ulike nedbrytingsstadium i tillegg til andre nøkkelement som gadd og høgstubbar, samt tre som har velta på rot. Store, gamle, grove og forvridde tørrfurer, dei eldste trea bortimot 400 år gamle (Jomar Haukås pers. medd.), gir skogen eit karakteristisk urskogpreg. Trea er dessutan sopp-, lav- og mosedekte. Fleire raudlista soppartar er registrerte sørvest i området, ved Rudsstølen. Men området har dei beste kvalitetane frå 600 moh. og opp til tregrensa (eldre skog, fleire og betre nøkkelement, preg av urskog osv.) der lokaliteten sannsynlegvis er endå meir artsrik. Dessutan kan denne delen av området fungera som tilfluktsområde for dei særskilde artane som er registrerte i yngre og noko hogstpråverka skog. Soppfloraen er representativ for den gamle vestnorske blåbærskogen som er godt utvikla i Kaupangerregionen, men som er lite studert.

Det er registrert to kjerneområde: Vest for Skogasete (gamal barskog og utforming av furuskog, B-verdi, 156 da) og Rudsstølen (Gamal barskog, utforming av gammal furuskog, A-verdi, 2953 da).

Berggrunnen i området består av anortositt. Det er et tynt morenedekke over berggrunnen.

[Arter beskrivelse](#)

Artsmangfaldet i området er middels stort. Av treslag er det registrert furu, osp, bjørk, gråor, rogn og selje. Karplantefloraen er relativt fattig med mange artar knytt til røsslyng-blokkebærfuruskogen og blåbærskogen som bl.a. røsslyng, blokkebær, blåbør, krekling, smyle, vintergrønn-artar, bjønnkam, einstape, tepperot, skogstjerne og linnea. Lungeneversamfunnet er dårlig utvikla med berre nokre vanlege artar på selje og osp. Lodnevrente er registrert på selje, mens det på osp bl.a. er registrert glattvrente, stiftfiltlav og stiftglye. Det er registrert mykje knappenålslav på daud ved Sopp er registrert på eit dårlig tidspunkt og potensialet for nye funn er stort. Laterittkjuke (VU) ble mest sannsynleg registrert på daud furu. Elles er registrert loreleibeger (EN), saman med kurvesøtpigg, pukkelkremle, liten sotgråhatt, svartkvit sølvpig og kystslørsopp. Av lav er registrert elghornslav, gullringsnål, kvitringsnål, fausknål, glattvrente, grynvrente, kystkorkje, stiftfiltlav.

Potensialet for funn av sjeldne og raudlista artar vert rekna som stort. (Frå Rådgivende Biologer, rapport 2459).

Rodeholene naturreservat er viktig levestad for skogsfugl, både orrfugl og storfugl, og for hjort. Kongeørn er også registrert i området.

Rødlistearter beskrivelse

Loreleibeger *Sowerbyella rhenana* (EN), laterittkjuke *Postia lateritia* (VU), blanknål *Calicium denigratum* (NT).

Gjøk *Cuculus canorus* er i området (NT). Også hønsehauk *Accipiter gentilis* (VU) og Spurvehauk *Accipiter nisus* (LC) er observerte i området.

Geologi beskrivelse

Området ligg i den søraustvendte fjellsida under Storehaugfjellet, nordaust for Sogndal lufthamn, Haukåsen. Grunnen er i hovudsak fattig, og består av harde bergartar som hører til ”Jotun-skyvedekket” med anorthositt og gabbro, men rikare område førekjem i forseinkingar påverka av sigevatn.

Klimaendring

Klimaendringar kan føre til at området veks til med meir skog og annan vegetasjon.

Annen negativ påvirkning

Negativ påverknad

Det går ei kraftlinje gjennom området frå Haukåsvegen (som går til Sogndal Lufthamn) opp fjellsida til ei 22 kV kraftlinje som følgjer oversida av naturreservatet. Denne kraftlinja forsyner TV-masta på toppen av Storehogen 1171 med straum. Det går også ein grusveg frå Sogndal Lufthamn gjennom naturreservatet opp til den same TV-masta. Veg og straum er naudsynt for å drifta TV-masta og anna kommunikasjonsutstyr.

Det er nokre spor etter bruk av 4-/6hjuling ved 22kV-linja gjennom naturreservatet.

Ferdsel utanom dei tilrettelagde stiane vil kunne vere uheldig. Dei aller fleste følgjer stiane i og like utanfor naturreservatet og grusvegen til Storehogen.

Tilleggsopplysninger

Det går ein umerkt sti frå Haukåsvegen forbi Bjørkestølen og opp til Vetlehogen og Storehogen (1171 og 1169) som er mykje brukt.

Grusvegen frå Sogndal Lufthamn opp til TV-masta på Storehogen vert nytta til fotturar og av terrengsyklistar om sommaren, og skiturar om vinteren. Ein trasé frå toppen av Storehaugfjellet ned den søraustvendte fjellsida vert mykje nytta til nedkøyring på randonneski, der nedre del av nemnde kraftlinja går gjennom skogen og naturreservatet. Det er også fleire mykje brukte stiar (både til fotturar og terrengsykling) like utanfor naturreservat. Sykling i Rodeholene naturreservat er forbode med unntak på grusvegen til TV-masta på Storehogen.

Bruk og historikk

Eierstruktur

Rodeholene naturreservat består av delar av gnr/bnr 105/1. Eigar er Nils Joachim Knagenhjelm.

Verneprosess

Rodeholene naturreservat vart oppretta etter vanleg offentleg høyring gjennom ordninga med frivillig skogvern, med vedtak i kgl.res. 22.06.2018.

Restriksjonsområder

Terrengsykling er forbode i området med unntak på grusvegen frå Sogndal Lufthamn til TV-masta på Storehaugfjellet og som er vist på vernekartet.

Vernegrense

Grensa for naturreservatet går fram av vernekartet. Knekkpunka i grensene for naturreservatet var ikkje merkte pr. september 2022.

Det er sett opp naturreservatskilt der mykje brukte stiar kryssar grensa for naturreservatet.

Brukshistorie

Det har vore lite skogsdrift i det som utgjer naturreservatet. Det vart drive noko plukkhogst i «gamle dagar».

Det er planta eit felt med contortafuru i nordaust like utanfor naturreservatet. Dette var i si tid eit forsøksfelt.

Det er fleire granplantefelt like utanfor naturreservatet i m.a. sørvest.

Området har vore og er framleis mykje nytta til jakt og til bærplukking.

Landbruk

Stølane Skogasete, Rudstølen og Bjørkastølen ligg like utanfor naturreservatet. Her er det fleire sel.

Stølsdrifta vart nedlagd på 1950-talet. Området har i dag sporadisk beiting av sau.

Reindrift

Det er ikkje reindrift i området.

[Friluftsliv](#)

Barmarksong:

Det går ein grusveg gjennom naturreservatet til toppen av Storehaugfjellet (1171 moh). Denne vert brukt til fotturar om sommaren, og skiturar om vinteren. Vegen er populær hos terrengsyklistar, særleg opp (dei syklar då ned andre ruter utanfor naturreservatet). Den tydelege og mykje nytta stien forbi Bjørkastølen gjennom naturreservatet opp til Storehaugen 1169 er ikkje merkt. Det er fleire godt merkte og populære stiar like utanfor naturreservatet.

Kaupanger Idrettslag har ein avtale med grunneigar om merking av stiar på Kaupanger som då også gjeld Rodeholene naturreservat. Blant punkta er at dei skal informere grunneigar på førehand og følgje DNT sin merkeinstruks.

Sykling i naturreservatet er berre tillate på grusvegen til TV-masta på Storehaugfjellet.

Vintersesong:

Grusvegen frå Sogndal Lufthamn til Lingesete/Dueskar og Storehaugfjellet er populære skiturar. Storehaugfjellet vert nytta til toppturar på ski, og ein står då helt på ski ned ei anna rute nokså rett ned til Sogndal Lufthamn, delvis i ei kraftgate som går gjennom naturreservatet.

[Jakt og Fiske](#)

Det er omfattande hjortejakt i Rodeholene naturreservat, for ein stor del som jaktturisme i regi av eigar, dvs. Kaupanger Hovedgård. Hjortejakta skjer stort sett til tider på døgnet då det ikkje vert drive friluftslivaktivitetar.

[Reiseliv](#)

Området vert ikkje brukt i reiselivsamanheng med unntak av til jaktturisme.

[Forskning og undervisning](#)

Naturreservatet vert i nokon grad nytta til forsking. Høgskulen i Vestland har eit prosjekt med forsking på korleis blåbær vert påverka av klimaendringar, i eit område på grensa til naturreservatet. Det er gjort naturfaglege registreringar i samband med verneprosessen (Rådgivende Biologer 2016).

Området vert nytta av Høgskulen på Vestlandet og Sogndal Folkehøgskule til undervising i friluftsliv.

[Kulturminner](#)

Kulturminne: Det er ikkje registrert særskilte kulturminne i naturreservatet.

Nyare kulturlandskap: Det er ikkje registrert nyare kulturlandskap av særskilt interesse inne i naturreservatet. Stølsvollane utanfor naturreservatet (Skogasete, Rudstølen og Bjørkastølen) er i sakte attgroing.

[Bygg og Installasjoner](#)

Det er ingen bygningar i naturreservatet.

På stølane Skogasete, Rudstølen og Bjørkastølen er det fleire (eldre og nyare) sel og andre bygningar (fjøs), og fleire av dei er registrerte i SEFRAK-registeret for verneverdige bygningar.

[Infrastruktur](#)

Det er ein grusveg gjennom naturreservatet opp til TV-masta på Storehaugfjellet 1171. Denne vert brukt året rundt i samband med drift og vedlikehald av anlegget med TV-mast. Om vinteren vert det nytta snøskuter eller weasel.

Det går ei 22 kV kraftlinje gjennom området, over Glennfjellet og ned til Fv 404 om lag ein km nordaust for Sogndal Lufthamn. Eigar er Sygnir.

[Motorferdsel](#)

Så langt vi kjenner til skjer all motorferdsel i naturreservatet på grusvegen til TV-masta på Storehaugfjellet for å drifta og vedlikehalde denne. Denne motorferdsla for drift av TV-masta er unntak frå forbodet mot motorferdsel i verneforskrifta.

[Forvaltning](#)

[Innledning](#)

Statsforvaltaren i Vestland har forvaltningsansvaret for Rodeholene naturreservat.

Naturreservatet skal forvaltast i tråd med verneforskrifta. Verneforskrifta inneheld reglar om kva som er forbode, kva for unntak som likevel gjeld, og tiltak og aktivitetar som det søkjast om etter dei spesifiserte dispensasjonsreglane. Andre søknader om unntak frå vernereglane skal handsamast etter § 48 i naturmangfoldlova jf § 8 i verneforskrifta:

«Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifa dersom det ikkjestrir mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfoldloven § 48».

I naturmangfoldlova § 48 heiter det vidare: «I avveiningen mellom øvrige vesentlige samfunnsinteresser og hensynet til verneområdet skal det særlig legges vekt på

verneområdets betydning for det samlede nettverket av verneområder og om et tilsvarende verneområde kan etableres eller utvikles et annet sted. Tiltakshaveren kan pålegges å bære rimelige kostnader ved ivaretakelsen, opprettelsen eller utviklingen av et slikt tilsvarende område.»

Miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 vert lagt til grunn som retningslinjer for handsaming av alle dispensasjonssaker.

[Skjøtselsplan](#)

Ikkje behov for plan

[Besøksforvaltning](#)

Plan utarbeidd og ligg som vedlegg

[Forvaltningsutfordringer](#)

Forvaltningsutfordringar

Dei viktigaste forvaltningsutfordringane er :

- Gran og contortafuru som spreier seg frå plantefelt like utanfor
- Uttak av levande og daude greiner/tre som vert brukt til å lage bål i naturreservatet. Særleg ueheldig er om tørrkvist på gamle furutre vert kappa i samband med bål
- Unødvendig slitasje i naturreservatet kan verte ei utfordring, som frå terrengsykling og friluftsliv

Skjøtsel

Det er ikkje behov for skjøtsel i naturreservatet utover at det er eit mål å fjerne all planta gran i området. Grensa for naturreservatet er trekt slik at ein skal unngå gran inne i naturreservatet. Det kan vere aktuelt å ta initiativ overfor grunneigar å fjerne gran utanfor for å unngå frøspreiing inn i naturreservatet.

Tilrettelegging

Det er inga spesiell tilrettelegging i naturreservatet, og ingen merkte stiar. Dei merkte stiane er utanfor naturreservatet. Det er ein tydeleg sti forbi Bjørkestølen og gjennom naturreservatet til Storehaugen 1169.

Besøksforvaltning (sjå vedlegg besøksforvaltningsplan)

Statsforvaltaren har laga ein enkel besøksforvaltningsplan for Rodeholene naturreservat. Denne tek utgangspunkt i arbeidet med informasjonsplakat for naturreservatet. Det vil bli sett informasjonsplakat ved P-plassen ved Sogndal Lufthamn, der ein skogsveg ovanfor ein mindre P-plass ved Fv 424 (til flyplassen), på P-plass ved Storamyr i ved Fv 424, og der

stien forbi Bjørkastølen startar ved Fv 424. Dette er dei mest populære stadene for å starte turar i området, både til fots og på sykkel.

Naturmangfoldloven

Naturmangfaldlova – verneforskrift (sjå vedlegg 1)

Verneforskrifta for Rodeholene naturreservat er frå 2018 og er oppdatert i forhold til situasjonen i dag og utfordringane ein har. Det er såleis ikkje behov for oppdatering av verneforskrifta.

Verneforskrift URL

<https://lovdata.no/forskrift/2018-06-22-966>

Sentrale føringer

Den generelle dispensasjonsheimelen i naturmangfaldlova § 48:

Naturmangfaldlova § 48 gir forvaltingsstyresmakta heimel til å gi dispensasjon frå verneforskrifta i tre alternative tilfelle: dersom det ikkje strir mot verneformålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, dersom tryggleiksomsyn gjer det nødvendig, eller dersom vesentlege samfunnsomsyn gjer det nødvendig. Føresegna skal vere ein tryggleiksventil for tiltak ein ikkje kunne føresjå, eller spesielle/særskilde tilfelle som ikkje blei vurderte på vernetidspunktet. Første alternativ dekkjer tilfelle der verneformål og verneverdiar toler enkeltståande avvik frå verneføresegna, og er i utgangspunktet meint for bagatellmessige inngrep eller forbigåande forstyrningar. Dispensasjonsføresegna i § 48 er ein kan-regel. Det vil seie at sjølv om vilkåra for å gi dispensasjon er oppfylte, er det ingen som har krav på dispensasjon. Det er nødvendig med ei breiare vurdering av om ein bør gi dispensasjon. Meir informasjon:

Rundskriv frå Miljødirektoratet om forvalting av verneforskrifter, kapittel 7

<http://www.miljodirektoratet.no/no/Publikasjoner/2014/Januar-2014/Rundskriv-omforvaltning-av-verneforskrifter/>

Forvaltningsmyndighetens retningslinjer

| Id | Tema | Forskriftreferanse | Forvaltningsmyndighetens retningslinje |
|----|---------|--------------------|---|
| 1 | Inngrep | § 3 c og §4 i | Det må ikkje iverksetjast tiltak som kan endre naturmiljøet, og inngrep er såleis forbode. Vedlikehald av eksisterande bygningar, gapahukar, jakttårn, stiar, turpostar, bruer og andre anlegg og innretningar i samsvar med tilstand på vernetidspunktet er tillate. Eksisterande vegar er avmerkt på vernekartet (verneforskrifta § 4 i.) Landskapet og vegetasjonen, ikkje minst skogen, i |

| | | | |
|---|--------------|---------------------------|---|
| | | | Rodeholene naturreservat er sårbart for nye inngrep. Eventuelle nye inngrep vil difor synge godt. Det vil såleis vere ein streng praksis på inngrep i naturreservatet. |
| 2 | Motorferdsel | § 5, § 6 og § 7 h,i,j,l,m | <p>Motorferdsel er forbode i naturreservatet. Det har vore få søknader om motorferdsel etter opprettinga.</p> <p>Motorferdsel til nokre føremål er tillate på grusvegen til TV-masta på Storehaugfjellet, m.a. til drift og vedlikehald av TV-mastanlegget (Verneforskrifta § 6c). Vegen har standard for bruk av bil.</p> <p>Det er eit mål å halde omfanget av motorferdsel på eit lågast mogleg nivå, og at spor etter motorferdsel ikkje er synleg i terrenget.</p> <p>22 kV kraftlinje: I samband med ordinær drift og vedlikehald av nettanlegg vil motorisert ferdsel, både med køyretøy og helikopter, vere naudsynt. Dette gjeld såleis òg utanom eksisterande vegar. Jf. Verneforskrifta § 6 f heiter det at det er unntak for «naudsynt motorferdsel i samband med akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til forvalningsstyresmakta». Statsforvaltaren vil ha kontakt og dialog med Sygnir om motorferdsel i samband med drift og vedlikehald av 22 kV kraftlinje for å minimere påverknaden på naturverdiane.</p> <p>Motorferdsel i samband med hjortejakt: Beltegåande køyretøy er tillate i terrenget (verneforskrifta § 5e) Andre føremål: Det er tillate med motorferdsel på grusvegen til Storehaugfjellet i samband med tilsyn av beitedyr (verneforskrifta § 6b) og for vedlikehald og drift av mast og anlegg på toppen (verneforskrifta § 6b og c). Bruk av 4-hjuling er forbode. Sjølv om Kaupanger Hovedgård meiner at bruk av 4-hjuling er lite aktuelt i Rodeholene naturreservat fordi området er for bratt, ber dei om at det vert opna for køyring med fire-hjuling for å ta ut vilt innafør naturreservatet på bakgrunn av at hjortejakt er viktig næring for dei. For Kaupanger Hovedgård er det viktig at køyring skjer med stor aktsemd av di dei ønskjer at eigedomen skal stå fram som mest mogleg urørt/ naturleg. I verneforskrifta § 6c står det «Naudsynt uttransport av felt elg, hjort og bjørn med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget, og med traktor eller lett terrengkjøretøy på eksisterande traktorvegar vist på vernekartet.» Anna kjøretøy som 4-hjuling for utfrakt av hjort må</p> |

| | | | |
|---|-------------------------------|------------------|--|
| | | | <p>ha søkjast om, jf § 7 j). Ved ein eventuell søknad om bruk av 4-hjuling, vil ein legge vekt på at slik køyring i så fall skje utan at det går utover dei store naturverdiane som er kartlagde innafor områda.</p> <p>Statsforvaltaren meiner at motorferdsel i naturreservatet er på eit akseptabelt nivå.</p> |
| 3 | Kraftlinje: drift og fornying | § 4 n og o; § 7b | <p>«Drift og vedlikehald, samt naudsnt istandsetting ved akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg» er tillate etter verneforskrifta § 4 n). «Oppgradering eller fornying av eksisterande kraftleidningar for heving av spenningsnivå og auke av linetverrsnittet er tillate, når tiltaket ikkje skadar verneverdiane angitt i verneformålet nemneverdig» (verneforskrifta § 4 o). Det er forvaltningsstyretemakta som avgjer om oppgradering må søkjast om eller ikkje. § 7 i verneforskrifta opnar for at det kan søkjast om «Oppgradering og fornying av kraftleidningar som ikkje fell inn under § 4.» a) Drift av kraftlinje. Sygnir er eigar av 22kV kraftlinja som er i Rodeholene naturreservat. Sygnir som nettselskap har behov for å kunne drifte, vedlikehalde og byggje nye nettanlegg i sitt konsesjonsområde, og nettselskapet er pålagd plikter og ansvar gjennom områdekonsesjonen. Moglegheit for drift og vedlikehald av energianlegg, samt oppgradering eller fornying av kraftleidningar, er naudsnt for å sikre forsvarleg nettdrift, noko § 4 i verneforskrifta legg opp til. I samband med ordinær drift og vedlikehald av nettanlegg vil motorisert ferdsel, både med køyretøy og helikopter, vere naudsnt. Dette gjeld såleis også utanom eksisterande vegar. Sygnir peikar på også at trefelling vil vere naudsnt frå tid til annan. Sygnir har unntak frå forbodet mot motorferdsel ved at det er unntak for «naudsnt motorferdsel i samband med akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg», men det skal sendast melding til Statsforvaltaren i etterkant. (verneforskrifta § 6f). - Statsforvaltaren skal i tråd med forskrifter bli orientert av Sygnir om drift og vedlikehald av kraftlinja, slik at drifta er som den skal. Det er ønskjeleg å halde omfanget av motorferdsel på eit lågt nivå, men likevel forsvarleg nivå for drift av linja. Sjølv om trefelling må til, bør omfanget vere så lite som det er praktisk mogleg for forsvarleg drift av kraftlinja. b) Fornyng av kraftlinje Oppgradering eller fornying av kraftleidningar som gjeld meir enn vanleg vedlikehald etter § 4 kan få løyve etter § 7 k). Statsforvaltaren er klar over at Sygnir i framtida vil ved ha behov for oppgradering eller</p> |

| | | | |
|---|-------------|---------------------|---|
| | | | reinvestering/fornyning i eksisterande nettanlegg med større anleggsaktivitet, og vi vil følgje nasjonale retningslinjer for dette dersom/når behovet oppstår. Løyve til motorferdsel i samband med oppgradering og fornying kan då gjevast etter § 7 l ut frå behov. Statsforvaltaren vil ved fornying ha grundig ha dialog med Sygnir om eventuell oppgradering og fornying av kraftlinjer, og om behovet for motorferdsel, og nasjonale retningslinjer for kraftlinjer i naturreservat vil bli følgt. |
| 4 | Landbruk | § 4 a og m | Det er lite landbruksaktivitet i naturreservatet. Beiting er tillate, men omfanget av sauebeiting har gått ned dei seinare åra. Det er noko beiting av Angus storfe utanfor naturreservatet. Beiting av husdyr er ikkje så omfattande at det er problem. Det vert det køyrt ut saltstein til stølen Lingesete utanfor naturreservatet. Statsforvaltaren meiner landbruksaktiviteten ikkje er til skade for verneverdiane, men vil følgje med på utviklinga. |
| 5 | Friluftsliv | § 4 b, c og j; § 3e | Rodeholene naturreservat med tilgrensande område er populært for friluftsliv året rundt. Særleg populært er fotturar og skiturar, og om hausten bærplukking. Om sommaren er det sykling på grusvegen til Storehaugfjellet. Størst omfang har skiturar om vinteren med utgangspunkt i P-plassen ved Sogndal Lufthamn. Det meste av skiturar og fotturar skjer på eksisterande stiar og løyper. I tillegg er det nokre mindre P-plassar langs Fv 404, m.a. Storemyri (som den mest brukte), nedom Bjørkestølen, og der kraftlinja går opp fjellsida til Glennfjellet. For toppturar på ski (randonnée) er kraftlinjatraséen mykje brukt. Merking og rydding av eksisterande stiar og skiløyper er tillate i samsvar med forvaltningsplan (verneforskrifta §4 j). Merking må også ha løyve frå grunneigar. Kaupanger Idrettslag har ein avtale med grunneigar om merking av stiar på Kaupanger som då også gjeld Rodeholene naturreservat. Blant punkta er at dei skal informere grunneigar på førehand og følgje Den Norske Turistforening (DNT) sin merkeinstruks. - Statsforvaltaren meiner det er viktig at DNT sin merkeinstruks vert følgt med omsyn til m.a. raudfarge og kor merke vert sett (ikkje på jordfast stein). Det er ikkje aktuelt å merke nye stiar i naturreservatet pr. i dag. Statsforvaltaren og Statens naturoppsyn vil følgje med og iverksette tiltak på stiane dersom det viser seg naudsynt. Sykling er tillate på grusvegen til TV-masta på Storehaugfjellet, og elles ikkje i naturreservatet, men på stiar utanfor. Bruk av elsykkel er tillate på |

| | | | |
|---|------------|--------------|--|
| | | | <p>grusvegen til TV-masta fordi vegen har standard som bilveg (men vegeigar og grunneigar kan nekte bruk av el-sykkel på grusvegen).</p> <p>Informasjonsplakatane om naturreservatet fortel om at sykling ikkje er tillate utanom på grusvegen til TV-masta. Det er sett opp eigne varselskilt om forbod mot sykling på enkelte stiar, som stien opp frå Bjørkastølen. Sogn Terrengsykkel har sett opp eigne plakatar der stiar som vert mykje brukt til sykling startar, om korleis dei ønskjer syklistar skal oppføre seg i området for å ta omsyn til natur, dyreliv og folk. Plakaten er sett opp m.a. ved Storemyri og der grusvegen til TV-masta på Storehaugfjellet startar.</p> <p>Statsforvaltaren meiner det er viktig å følgje med på om det stisyklinga i området, og å ha ein dialog med sykkelmiljøet viss det skjer uheldig slitasje.</p> <p>Telting er tillate i naturreservatet. Merk likevel at bålbrening er forbode, men bålbrening med tørrkvist frå bakken eller ved ein har med seg er tillate, etter retningslinjer i forvaltningsplan. Sanking av bær og matsopp er ein viktig del haustringssfriluftslivet og er tillate. Kaupanger og Rodeholene er populært for haustring av særleg blåbær og tyttebær, og matsopp.</p> |
| 6 | Bålbrening | § 3 e og 4 c | <p>Det går fram av verneforskrifta at vegetasjonen er verna mot all skade og øydelegging (§ 3a), og at bålbrening er forbode (§ 3e). Likevel er det unntak for bålbrening med tørrkvist frå bakken eller ved ein bringer med seg er tillate, etter retningslinjer i forvaltningsplan (§ 4c). Dette er kan vere vanskeleg å forhalde seg til både på dagsturar og på telting.</p> <p>Det er svært uheldig om daud ved/greinar på levande og daude tre vert saga i samband med bålbrening. Sogndal Folkehøgskule og Høgskulen på Vestlandet, (og Nordfjord Folkehøgskule som har ein tur om våren i området), som er på tur med grupper i området, må få melding om ikkje ta greiner av tre, men nytte daude greiner på bakken og helst ta med seg ved når dei er på tur i området. Sjølv om vi ikkje har rapport om det frå Rodeholene naturreservat, er problemstillinga den same som i Breisete naturreservat om at daude greiner er viktig for artsmangfaldet særleg for vedbuande sopp, og at gammal bjørk ikkje er ønskjeleg på leirbålet fordi det kan gå utover boreal lauvtre av verdi. Ut frå omfanget av bålbrening, er det ei avvegning om ein skal peike ut faste bållassar i naturreservatet.</p> <p>Statsforvaltaren meiner at omfanget av bålbrening ikkje er eit problem pr. i dag fordi det har lite omfang og dermed ikkje går utover naturverdiane i</p> |

| | | | |
|---|---------------|-------------|--|
| | | | naturreservatet. Dei mest brukte faste bålsplassane ligg (like) utanfor naturreservatet, som t.d. ved svingen før grusvegen delar seg til Lingesete og TV-masta på Storehaugfjellet. Det vert tent opp bål frå tid til annan innanfor, men omfanget er ikkje større enn at naturen tek over igjen. Dette må følgjast med på, og eventuelt revurderast seinare. Sogndal folkehøgskule og Høgskulen på Vestlandet skal informerast om reglane som gjeld for bålbrening. |
| 7 | Jakt og fiske | § 4 d, e, f | Jakt og fangst er tillate i samsvar med gjeldande lovverk. Det er tillate med oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn, og rydding av skottfelt ved jaktpostar slik at feltet har siksone fri for vegetasjon, jf verneforskrifta § 4f. Dette er viktig for Kaupanger Hovedgård i og med hjortejakta er ein viktig næringsveg for dei og at det er ei berekraftig hjortestamme, sjølv om mobile jakttårn er lite brukt dei seinare åra. Utfrakt av felt hjort kan skje ved at kjøtet vert bore ut til fots, med kløvhest eller med lett beltekøyretøy. Å nytte anna køyretøy som 4-hjuling må det søkjast om, men er lite brukt i Rodeholene naturreservat. (sjå eige avsnitt om motorferdsel) Det er ikkje vatn med fisk i naturreservatet. Statsforvaltaren vil med hjelp frå Statens naturopsyn følgje opp med jaktoppsyn, og om det vert brukt (mobile) jakttårn. |
| 8 | Reiseliv | § 7 g | Naturreservatet er i dag lite brukt i reiselivet med unntak av til hjorteturisme. Det er lovleg å drive reiseliv innanfor reglane som følgjer av verneforskrifta. I tillegg kan det gjevast løyve til bruk av naturreservatet i miljøbasert reiseliv etter plan godkjend av forvaltningsstyremakta. Ein slik plan er ikkje aktuell å lage no. Området vert brukt til hjortejaktturisme, og nokre turar med hund og hjulkjerre på grusvegen til Storehaugfjellet, noko som ikkje er problematisk for vernet. Statsforvaltaren har difor ikkje hatt kontakt med grunneigar om bruken av hund og hjulkjerre på grusvegen til Storehaugfjellet. - Statsforvaltaren meiner det ikkje er behov for retningslinjer og tiltak slik situasjonen er i dag. |
| 9 | Avfall | | Utanom eit forskingsprosjekt på blåbær Rodeholene naturreservat i regi av Høgskulen i Vestland, er ikkje Statsforvaltaren kjend med at det er forsking i området. Naturreservatet vert brukt til undervisning i friluftsliv både av Høgskulen Vestlandet (avdeling Sogndal) og Sogndal Folkehøgskule, både til dagsturar og overnattingsturar, gjennom heile undervisingåret. - Statsforvaltaren vil vere positiv til forsking som ikkje går utover naturverdiane, og ha dialog med Høgskulen i Vestlandet og Sogndal |

| | | | |
|----|------------------------------------|----------------|--|
| | | | Folkehøgskule dersom det er naudsynt når det gjeld undervisinga i friluftsliv. |
| 10 | Avfall | § 1 og § 3 a | Statsforvaltaren er ikkje kjend med avfallsproblem i naturreservatet. Den mest sannsynlege staden for avfallsproblem er langs grusvegen til TV-masta på Storehaugfjellet. Kaupanger Idrettslag har i avtalen med grunneigar om merking av stiar ansvar for å følgje med på eventuell forsøpling langs merka stiar. - Statsforvaltaren meiner det ikkje er behov for tiltak utover å følgje med på tilstanden. |
| 11 | Arrangement | § 3 d og § 4 q | Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode. Det er likevel unntak i verneforskrifta for gjennomføring av mindre arrangement som skikarusell, lokale orienteringsløp og liknande. I samsvar med forvaltningsplan. Det kan også gjevast løyve til oppsetting av nye turpostar. Lokale orienteringsløp vert arrangert av orienteringsgruppa i Kaupanger Idrettslag kvar veke frå etter påske til haustferien, nokre av dei går inn i naturreservatet. Tal deltakarar varierer frå 5 til 25. I tillegg vert det arrangert barnekarusell kvar torsdag i same tidsrom nær Kaupanger skule, dvs. utanfor naturreservatet. Desse arrangementa har ikkje nemneverdig påverknad på naturverdiane. - Statsforvaltaren meiner det ikkje er utfordringar knytte til dei mindre lokale arrangementa. Store arrangement må vurderast særskilt etter § 8 (generelle dispensasjoner) og § 48 i naturmangfaldlova, dvs. at omsynet til verneformål og verneverdiar vil vere avgjerande. |
| 12 | Framande artar | § 4p | Det er ønskjeleg å fjerne framande artar i naturreservatet. Døme på slik artar er platanlønn og vanleg gran. Dei er treslag som ikkje høyrer heime naturleg her, men spreier seg m.a. ved at frø kjem inn utanfrå. Framande artar skal fjernast frå naturreservatet etter at dette er klarert med Statens naturoppsyn eller Statsforvaltaren i Vestland. Etter § 4 p) i verneforskrifta er ringbarking og felling av innplanta gran i samsvar med forvaltningsplan tillate. - Statsforvaltaren går inn for at framande artar skal fjernast frå naturreservatet etter at dette er klarert med Statens naturoppsyn eller Statsforvaltaren i Vestland. Den same avklaringa med Statsforvaltaren må gjerast før ringbarking og felling av innplanta gran. |
| 13 | Geocaching og liknande aktivitetar | | Det er ikkje forbod mot geocaching og liknande tiltak som postkasseappen dersom dei ikkje inneber varige inngrep i naturreservatet. Geocaching er ikkje registrert i området. |

Tilgrensende verneområder

Det er ingen verneområde som grensar til Rodeholene naturreservat.

Tilleggsopplysninger

Forvaltning

Statsforvaltaren i Vestland er forvalningsstyremakt for Rodeholene naturreservat. Det kan verte aktuelt å opprette eit felles rådgivande utval for Rodeholene naturreservat og Breisete naturreservat, men det har ikkje kome ønskje om dette under arbeidet med forvaltningsplanen.

Oppsyn

Statens naturopsyn står for oppsynet i Rodeholene naturreservat. Statsforvaltaren meiner oppsynet fungerer godt.

Informasjon

Informasjonstavle vart hausten 2022 sett opp ved Storemyri og der stien til Bjørkastølen startar. Informasjonstavle vil også bli sett opp der grusvegen til TV-masta på Storehaugen startar.

Kunnskapsgrunnlag

| Forfatter | År | Tittel | Utgiver | Kobling |
|--|------|---|--|---------|
| Torbjørg Bjelland og Linn Eilertsen | 2017 | Naturfaglige registreringer av skogarealer tilbuddt for frivillig vern i 2016 - Kaupanger Hovedgård 1 | Rådgivende Biologer AS rapport 2059 | |


Vedlegg

Filvedlegg

| Type | Lagt til | Tema | Eksternt Opphav | Internt Opphav | Størrelse |
|------|------------|---|--------------------|--------------------------------|-----------|
| | 14.09.2022 | Verneforskrift for Rodeholene naturreservat | Lovdata | | 210 Kb |
| | 12.10.2022 | Foto frå Rodeholene naturreservat | | Statsforvaltaren i Vestland | 3340 Kb |
| | 15.03.2023 | Besøksstrategi for Rodeholene naturreservat | | Statsforvaltaren i Vestland | 144 Kb |

Kartvedlegg

| Type | Lagt til | Tema | Eksternt Opphav | Internt Opphav | Størrelse |
|------|------------|-------------------------------|--------------------|--------------------------------|-----------|
| | 12.10.2022 | Kart Rodeholene naturreservat | | Statsforvaltaren i Vestland | 126 Kb |



LOVDATA

Forskrift om vern av Rodeholene naturreservat i Sogndal kommune, Sogn og Fjordane fylke

Dato FOR-2018-06-22-966

Ikrafttredelse 22.06.2018

Gjelder for Sogndal kommune, Vestland

Hjemmel LOV-2009-06-19-100-§34, LOV-2009-06-19-100-§37, LOV-2009-06-19-100-§62

Kunngjort 25.06.2018 kl. 16.20

Korttittel Forskrift om vern av Rodeholene naturreservat i Sogndal

Heimel: Fastsett ved kgl.res. 22. juni 2018 med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34, jf. § 37 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

§ 1. (formål)

Føremålet med naturreservatet er å ta vare på eit område med sitt biologiske og geologiske mangfold, som representerer ein bestemt type natur i form av eit stort og lite rørt skogområde med eit stort mangfold av skogs- og vegetasjonstypar, der større delar er urskogprega skog. Området inneholder mykje daud ved.

Målet er å ta vare på området i mest mogleg naturleg tilstand, med stadeigne artar og naturtypar, fugle- og dyreliv, og skogdynamikk styrt av naturlege prosessar.

§ 2. (geografisk avgrensing)

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Sogndal kommune: 105/1.

Naturreservatet dekkjer eit totalareal på ca. 4521 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet juni 2018. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart vert oppbevart i Sogndal kommune, hos Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

§ 3. (vernereglar)

I naturreservatet må ingen gjøre noko som skadar verneverdiene som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande verneregler:

- a. Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp (inkludert lav) eller deler av disse fra naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig uroing. Utsetting av dyr er forbode.
- c. Det må ikkje settast i gong tiltak som kan endre naturmiljøet, som f.eks. oppføring av bygningar, anlegg, gjerder, andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkleidningar, bygging av veger, drenering eller anna form for tørrelægning, uttak, oppfylling eller lagring av masse, utføring av kloakk eller anna konsentrert ureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalkning eller bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømmande.
- d. Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.
- e. Bålbrenning er forbode.

§ 4. (generelle unntak frå vernereglane)

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a. Beiting.
- b. Sanking av bær og matsopp.
- c. Bålbrenning med tørkvist frå bakken eller ved ein bringer med seg, etter retningslinjer i forvaltningsplan.
- d. Jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk.
- e. Oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt.
- f. Rydding av skotfelt ved jaktpostar slik at feltet er fri for vegetasjon.
- g. Felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk.
- h. Utplassering av saltstein for husdyr og storvilt.
- i. Vedlikehald av eksisterande bygningar, gapahukar, jakttårn, stiar, turpostar, bruer og andre anlegg og innretningar i samsvar med tilstand på verneformålet. Eksisterande vegar er avmerkt på vernekartet.
- j. Merking og rydding av eksisterande stiar og skiløyper i samsvar med forvaltningsplan.
- k. Oppsetting av telt i tråd med friluftslova.
- l. Oppsetting av mellombelse orienteringspostar for turorientering.
- m. Rydding av stiar for ferdsel og sinking av beitedyr, etter retningslinjer i forvaltningsplan, slik at dei kan haldast opne etter vindfall og liknande.
- n. Drift og vedlikehald, samt naudsnyt istandsetting ved akutt utfall, på eksisterande energi- og kraftanlegg.
- o. Oppgradering eller fornying av eksisterande kraftleidningar for heving av spenningsnivå og auke av linetverrsnittet, når tiltaket ikkje skadar verneverdiane angitt i verneformålet nemneverdig.
- p. Ringbarking og felling av gran i samsvar med forvaltningsplan.
- q. Gjennomføring av mindre arrangement som skikarusell, lokale orienteringsløp o.l. i samsvar med forvaltningsplan.

§ 5. (regulering av ferdsel)

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a. Motorferdsel på land og i vatn er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b. Utanom eksisterande bilveg til Storehaugfjellet som vist på vernekartet, er bruk av hest og kjerre og riding forbode.
- c. Utanom vegar og stiar vist på vernekartet er sykling forbode.

§ 6. (generelle unntak fra ferdelsreglane)

Ferdelsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulans-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsaugemed, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemd.

Ferdelsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a. Naudsynt motorferdsel for transport av sjuke og skadde buse. Køyretøy som vert nytta skal være skånsamt mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyring.
- b. Naudsynt motorferdsel på bilveg til Storehaugen for tilsyn av beitedyr.
- c. Naudsynt motorferdsel på vegen til tårnet på Storehaugen for vedlikehald av mast og anlegg her.
- d. Motorferdsel for grunneigar og den som har skriftleg løyve frå grunneigar på bilvegen til Storehaugfjellet.
- e. Naudsynt uttransport av felt elg, hjort og bjørn med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget, og med traktor eller lett terrengkøyretøy på eksisterande traktorvegar vist på vernekartet.
- f. Naudsynt motorferdsel i samband med akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til forvaltningsstyresmakta.
- g. Landing og start med Forsvarets luftfartøy.
- h. Bruk av kløvhest i næringsverksemd og for uttak av felt vilt.

§ 7. (spesifiserte dispensasjonsreglar – unntak det kan gjevast løyve til)

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til:

- a. Avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 d.
- b. Oppgradering og fornying av kraftleidningar som ikkje fell inn under § 4.
- c. Tiltak i samband med forvaltning av vilt og fisk.
- d. Istandsetjing av bygningar, steinmurar, bruer og andre kulturminne etter samråd med kulturminnestyresmakten.
- e. Oppsetting av nye jakttårn dersom hjortevilt endrar trekk.
- f. Tilretteleggingstiltak på eksisterande stiar.
- g. Bruk av naturreservatet i miljøbasert reiseliv etter plan godkjend av forvaltningsstyresmakta.
- h. Naudsynt motorisert transport av ved, material og utstyr til hytter innanfor verneområdet.
- i. Naudsynt motorferdsel for transport av saltstein.
- j. Naudsynt uttransport av elg og hjort med andre køyretøy enn lett beltekøyretøy som nemnd i § 6 andre ledd e.
- k. Oppgradering eller fornying av kraftleidningar som ikkje er omfatta av § 4.
- l. Naudsynt motorferdsel i samband med drift, vedlikehald, oppgradering eller fornying av kraftleidningar.
- m. Naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar etter § 4 h, i, j, p og § 7 c, d, e, h, i og n.
- n. Gjenoppføring av bygningar, anlegg eller innretningar som er gått tapt ved brann eller naturskade, og naudsynt motorferdsel for dette.
- o. Merking av nye stiar og oppsetting av nye turpostar i samsvar med forvaltningsplan.

§ 8. (generelle dispensasjonsreglar)

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifa dersom det ikkje stirr mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfoldloven § 48.

§ 9. (skjøtsel)

Forvalningsstyresmakta, eller den forvalningsstyresmakta bestemmer, kan iverksetje tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er føremålet med vernet, jf. naturmangfoldlova § 47.

§ 10. (forvaltningsplan)

Det skal utarbeidast forvaltningsplan med nærmere retningslinjer for forvaltning av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan innehalde nærmere retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11. (rådgivande utval)

Forvalningsstyresmakta kan opprette eit rådgivande utval for forvaltninga av naturreservatet.

§ 12. (forvaltningsstyresmakt)

Miljødirektoratet fastset kven som skal vere forvaltningsstyresmakt etter denne forskrifta.

§ 13. (ikrafttreding)

Denne forskrifta trer i kraft straks.

Rodeholene naturreservat

Foto Tom Dybwad der ikkje anna er oppgjeve


Vedlegg til godkjend forvaltningsplan 2023



Furugadd i Rodeholene naturreservat




Gamal dobbel furu, elghornslav og mørkskjegg (på bjørk)







Rognebær, tyttebær og krekling i naturresevaret





Grusvegen til TV-masta på Storhaugfjellet og kraftgata 22 kV gjennom naturreservatet

Foto Stein Joar Hegland



Blanding av bjørk og furu i øvre delar av naturreservatet
Skilt sykling forbode



Ved Bjørkestølen (til venstre) og Skogasete (til høyre), utanfor naturreservatet



Besøksstrategi for Rodeholene naturreservat

1. Innleiing

Besøksstrategien skal legge til rette for å gi besøkande ei god oppleving av naturen i naturreservatet på ein måte som også ivaretak verneverdiane.

1.1 Formål – ved behov

Rodeholene naturreservat har store naturverdiar og det er behov for informasjon og styring av ferdsla. Nokre stader i naturreservatet er lett tilgjengeleg.

1.2 Kort om rammeverk – ved behov

Rammene for besøksstrategien er naturmangfaldlova og verneforskrifta for området.

2. Kunnskapsgrunnlaget

Kunnskapsgrunnlaget er godt. Rodeholene naturreservat er eit skogsområde nesten opp til tregrensa som er særleg viktig for biologisk mangfald ved at det har mykje gammal skog og godt lokalklima. Det er ei målsetjing å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, med stadeigne artar og naturtypar og naturleg skogdynamikk, og eventuelt vidareutvikle dei. Her er gamle stiar og grusvegar å ferdast på som det ligg til rette å styre ferdsla til.

2.1 Sårbare naturverdiar

Den gamle skogen er først og fremst truga av framande artar som innplanta gran utanfor naturreservatet. Skogen er dominert av furuskog. Delar av skogen er av uvanleg høg alder, opp mot 400 år. Innimellan furuskogen er det innslag av blant anna bjørk og osp. Skogen har eit urørt preg med gamle og daude tre, noko som er viktig for mange artar.

Området er bratt nokre stader og det ligg best til rette for at folk ferdast på dei merkte stiane og grusvegane. Sjeldne planter som veks like ved desse ferdelsvegane kan vere truga av plukking, men vi vurderer ikkje dette som eit problem.

2.2 Reiselivet

Rodeholene naturreservat er lite kjend for reiselivet, men TV-masta på Storehaugen 1172 moh og varden på 1169 moh er attraktive turmål som ligg ovanfor naturreservatet. Området er mykje brukt som friluftslivområde, spesielt i helgene, og det gjeld året rundt. Kaupangerhalvøya er vorte kjend som eit veldig bra område for terrengsykling, også nasjonalt, men i Rodeholene naturreservat er terrengsykling berre tillate på grusvegen til TV-masta på Storehaugen. Ein må rekne med auka ferdsel i åra som kjem, også frå syklistar der dette er tillate. Det er ein av grunnane til at det er viktig å få på plass informasjon og kanalisering av ferdsla.

2.3 Kven og kva

Informasjon og tilrettelegging vil vere positivt både for dei som bur i nærleiken og i Sogndal kommune, og for reiselivet og terrengsyklistar.

3. Mål

3.1 Mål med besøksforvaltning

Målet er å gi informasjon om naturverdiane i området, legge til rette for ei god naturoppleving for dei besøkande, og gjere det så attraktivt at det er positivt for reiselivet i området.

3.2 Strategiske grep

Ferdsla vert styrt til stiane og vegane som vert mest brukt i dag. Det gjeld stien forbi Bjørkestølen, anleggsvegen til Lingesete og TV-masta på Storehaugen, og andre stiar like utanfor naturreservatet m.a. stien over Veslehaugen på kanten mot Eidet og ned til Storemyri. Det er fleire gode utsiktspunkt langs anleggsvegen til TV-masta på Storehaugen og på stien mellom Storemyri og Veslehaugen.


Det er viktig å gi informasjon på P-plassane både ved Sogndal Lufthamn med turveg til Lingesete og toppen av Storehaugen, der skogsvegen/stien til stølen Bjørkahaug startar og ved Storemyri. Oppsetting av tavle med plakat etter avtale med grunneigar.

4. Tiltaksplan

Informasjonsplakat vert sett opp ved

- P-plass rett ved Sogndal Lufthamn,
- skogsveg/sti til Bjørkestølen og til toppunkt Storehaugen 1169
- ved P-plass ved Storemyri der stien langs kanten mot Eidsfjorden (utanfor naturreservatet) til Veslehaugen og Storehaugen 1172 og 1169 går.

Ingen merking av stiar i naturreservatet.



Kartinformasjon / Map information

Rodeholene naturreservat 4521 dekar.

The Rodeholene Nature Reserve covers 452.1 hectares (approx. 1,115 acres).


Målestokk = 1: 30 000
Kartgrunnlag: N50 Kartverket

Grense for verneområde
Protected area boundary

Tursti fottur
Hiking trail

Traktorvei
Forest track

Statsforvaltaren i Vestland
Grafisk produksjon og kart: arkeoplan.no



Kartinformasjon / Map information

Rodeholene naturreservat 4521 dekar.

The Rodeholene Nature Reserve covers 452.1 hectares (approx. 1,115 acres).

Målestokk = 1: 30 000

Kartgrunnlag: N50 Kartverket

Grense for verneområde
Protected area boundary



Tursti fottur
Hiking trail



Traktorvei
Forest track

